



Instruks for cupdeltaking

Miniputtлага spelar turneringar i Kvinnherad etter lokalt oppsett, medan eldre lag har seriespel set opp av fotballkretsen som basis for fotballeongen. I tillegg er det kjekt med deltaking på cupar. Dette gjev sosialt samvær, motivasjon, samhald og trivsel. Trio har følgjande retningslinjer for deltaking på cupar:

Eigne cupar

Trio arrangerer følgjande cupar, der det forventast at alle Trio sine aktuelle lag deltek:

- Trio Cup (inneturning i Kvinnherad Arena) for årsklassane 7-12 år.
- Ei minicup turnering pr sesong i regi av NFF Hordaland
- Husnes Cup: Vårt store cuparrangement ei helg i august, for årsklassane 10-12 år. Her dekkjer klubben lagspåmeldinga, medan kvar spelar betaler deltakarkort (C-kort).

Elles finst det og ein del lokale turneringar før sesongstart, der vi tilrår Trio sine lag å delta. Særleg gjeld dette Zinken cup i Odda. Denne gjekk tidlegare innandørs, men har siste åra vore ei helgeturning utandørs i mars. Cupen kan vera grei oppkøyring før seriespel. Her bør alle Trio sine lag i klassane 13-16 år vurdere å delta (ein forutsetnad er at laget har starta opp med treningar). For dei minste er det fortsatt innecup i Odda, «Trykkericup» (7-12 år). Trio dekkjer lagspåmelding, medan reise, evt. opphald, dekkjast inn av eigenandel frå spelarar.

Deltaking på eigne cupar krev ikkje godkjenning av styret.

Andre cupar

Sommarstid kan det vera aktuelt for mange lag å reise på cup. Dette må godkjennast av styret (bruk Cup-søknad skjema) og ein må pårekne dugnadsarbeid for å få lov å reise. Dette gjeld både "gratis" dugnadsarbeid på Trio-arrangement, og eigne dugnadar som laget får inntekter av

6-9 år

Det er dei lokale minicupane i Kvinnherad som skal prioriterast. Dersom det ikkje er eit reelt camptilbod grunna for få motstandarlag kan barneansvarleg godkjenna deltaking på minicupar på Stord. Laga kan delta på inntil 4 dagscupar utanfor kommunen i løpet av eit kalenderår. Trio dekker lagsavgift, laget/foreldre dekker reiseutgifter sjølv. Desse cupane skal ikkje prioriterast framføre dei lokale cupane. Denne aldersgruppa skal ikkje delta på cupar med overnatting.

10-12 år:

Kan reise på cupar innan Hordaland, eller omlag tilsvarende reiselengd, men maks ei helg varigheit. Ein tilrådd cup her er Voss Cup midt i Juni som er ei stor, kompakt og veldriven turnering. Bø Cup kan vere eit alternativ. Bø cup har litt større reiseavstandar mellom baner, så det krevjar litt meir av føresette og lagleiing enn Voss Cup

13-14 år:

Smågutar/-jenter 13-14 år får høve til å reise noko lenger, men ikkje til dei aller største cupane. Tilrådde cupar kan vera Ål Cup, Bø Sommarland Cup, Sør Cup i Kr.sand, etc, men maks ein slik cup i løpet av sesongen.

15 år og opp:

Store cupar som Norway Cup, Dana Cup og Gothia Cup er forbehalde dei eldste gute- og jentelaga (15-16 år).

På hausten går det ein kjekk cup i Haugesund (helg), «Regy Cup». Denne cupen er frå arrangør forbehalde lag som ikkje spelar på høgste nivå.

Kostnadar

Trio dekkjer lagspåmelding, deltakarkort for 2-3 lagleiarar og reisekostnadar etter rimelegaste måte. Laget må sjølv dekkje kostnadar til deltakarkort, og eventuelle meirkostnadar knytt til dyrare reise eller overnatting.

For at ingen på laget skal bli ekskludert skal mest mogleg av kostnaden dekkjes inn gjennom dugnadar som laget arrangerer sjølv, eller gjennom pengar oppspart frå tidlegare. Ved deltaking på cup utanfor Noreg dekkjer Trio kostnadar tilsvarende deltaking på Norway Cup.

Oppførsel

Når ein deltek på turneringar arrangert av Trio eller eksternt, skal ein vera merksam på at ein representerer Trio, og skal oppføre seg deretter. Dette gjeld både på og utanfor banen. Ein pliktar og å oppføre seg i tråd med dei retningslinjer som turneringsarrangøren har nedfelt. Både spelarar, trenarar og lagleiarar pliktar å representere klubben på ein positiv måte og bidra til at Trio har eit godt omdøme.

Mindreårige skal ikkje ferdast åleine. Lagleinga fastset reglar for kor mange ein skal minimum vera i lag. Ved overnatting skal det også alltid vera lagleiarar/trenarar/føresette innkvartert med spelarane. Rom ein oppheld seg i under turneringa skal forlatast i minimum den stand det var ved ankomst.

Det er nulltoleranse for alkohol og andre rusmiddel for alle som representerer Trio på cupar. Dette gjeld både spelarar, lagleing, samt foreldre og andre som oppheld seg saman med laget. Forbodet gjeld frå start til slutt på reisa. Brot på dette medfører heimreise for eiga rekning. Viss ikkje dette let seg gjere, kan laget måtte avbryte cupdeltakinga og reise samla heim.

Deltaking på andre cupar enn egne krev godkjenning av styret. Cupsøknad utan endeleg søknadssum vil bli avvist.

Søknad sendes til leiar for barneavdeling for lag i barneavdelinga, og til leiar for ungdomsavdeling for lag i ungdomsavdelinga.